

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Lynging og mosing.

Oppskr. av: Olav Fjortoft.

(adresse): Fjortoft.

Fylke: Møre og Romsdal.

Herad: Haram.

Bygdelag: Fjortoft og Otterlei.

Gard: Fjortoft Nore

G.nr. 3. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Oppskrifta er for tida 1890 til
no etter eiga røynsle, og for eldre
tid enn det etter opplysningar frå
dei eldste folk i bygda og dei
næraste grannebygdene. Disse menn
og kvinner har alle drivi gardsbruk.

Lynging og mosing.

1. Lynging

a) Lynging går for seg med lja eller sigd.

b) Woko brigde i dette har det ikkje vori i manns minne.

A.

1. Lynging blir no sjeldnare gjort i bygdene her, og lyng er aldri eit arvisst for. Lyng blir brukt berre som eit naudfor dersom høyet slepp opp om våren før ein får kua og sau ut på beite.

I siste verdenskrigen var lyng lite nytta, men då sanking av lyng om våren i einstilde høve kan koma til, kan ein heller ikkje seia at lyngskjering er heilt stutt.

2. Lyng blir sanka om våren og berre når anna og betre for ikkje kan skaffast i vårkripa. Slik har det vori så langt det går fråsegn om lyngskjering.

Arbeidet er her kalla

lyngskjering.

3. Ståttorr eller sigd har vori reiskopen ein skar lyngen med, — meir sjeldan langorr.

4. Lyngskjering var oftast karfolks arbeid.

5. Kor ofte ein kan skjera lyng er det ingen fast regel for.

6. Lyngen blir boren til vegar i borer eller i sekker og så kjørt heim.

7. Lyngen blir gjeven til dyra med det same i heilt frisk tilstand.

8. Det er kyr og sau som et lyngen. Dyra fekk eta med dei ville.

Det blir rekna som ein stor føremøn om kyrne kan få tilskot av mjøl til lyngen.

9. Lyng har aldri vori rekna for godt for. ÷vert om, til kù er det rekna for å vera sers ringt.

B. Lyng som beite.

1. Det er berre om varen lyng har noko å seia som beite for kù. ÷ken for sau har lyngen ÷itt stòvre verd, då sauen et han godt når det blir lite gras.

Det har ikkje hendt i minneleg tid at ein har slept kyrne ut på beite der ein har sopt snøen av lyngen.

2. Lyngbeite er for kyr som ikkje mjølkar og for sau. Til mjølkekyr ÷ur ikkje lyngbeite.

3. Då utmarka her i bygda er mykje lyngvaksen, kan ein seia beitelida blir delvis lyngbeite heile sūmaren.

Kùturbeite kjem no meir og meir i bruk, og lyngbeite minskar i same mon.

4. Lyngbeite blir rekna for å vera ringaste av alle slag beite.

4
til k , og mindre god til sau.

#

II. Mosing.

Sanking av mose til dyrefor er ikkje ~~er ikkje~~ br kt, og det g r heller ikkje fr segn om at mose nokor sinne har vori br kt her i bygdene i Haram.

Svar p  sp rsm la i dette avsnitt fell saeis bort.

L ving.

Kan det heller ikkje gjevast opplysning om, d  alle bygdene her er ^{sa} fattige p  l vtr  at l ving aldri har vori br kt.

Det same gjeld og for skar og beit. Ein kan ikkje gje nokre opplysning om dei to emna nr. 7 og 8.

#

1839

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING